# Stor kunstnar på lite instrument



*Tim Rishton.*

«L'organo primitivo» var tittelen på eit av numra i Tim Rishtons konsert i Vike kyrkje sondag. Stykket kunne godt vere spesialkomponert for orgelet i Vike, så lite og enkelt som det er med sin eine manual! – Men under ein stor kunstnars hender er det utruleg kva som kan kome ut av orgelpipene. Konserten vart ei stor oppleving for dei diverre altfor få tilhøyrarane.

Programmet spente frå barokkens største tonediktarar fram til vår eigen nolevande Egil Hovland, og Rishton orienterte på førehand om komponistar og komposisjonar (på nærast ekte romsdalsdialekt! – Han bor i Måndalen).

Vi fikk høyre både kjente og ukjente komposisjonar, men felles for alle var den utruleg fine registrering og tekniske og musikalske framføring. Ofte kunne ein tru organisten rådde over både 2 og 3 manualar, slik han meistra registreringa i dei ymse oktavar på det eine klaviaturet.

Vi har vorte særdeles godt vante når det gjeld organistar i Vestnes og Rauma det siste 10-året, og Tim Rishton som no er tilsett som organist i Rauma, som også av og til vikarierer i Vestnes, er kanskje først og fremst konsertorganist. Dette året held han bortimot 70 konsertar i fem land! – I konserten i Vike tok han like godt «på sparket» oppmodinga om å improvisere over den kjente koralen «O bli hos meg», og dette var ei høgtidsam avslutning på ein stor konsert.

Men kva skal vi gjere for igjen å auke interessa for klassisk musikk i bygdene våre? – «Musikkens venner» måtte også gi opp. Kva kan gjerast til neste store konsert? Store kunstnarar kan vanskeleg leve med slik mangel på interesse og forståing. Det har alt vist seg i praksis, diverre.

**Henry Vike**

Åndalsnes Avis

# Orgelkonsert i Vikebukt kirke

RB – BJORG IRENE HOVDE

Søndag blir det orgelkonsert i Vikebukt kirke med Tim Rishton. Rishton, som er organist i Rauma, har gjort flere plateinnspillinger og holdt konserter i mange land.

Tim Rishton har blant annet studert ved universiteter i Wales, Manchester og Reading. Her vant han alle 1. prisene i orgelspill. Rishton har holdt en lang rekke konserter i flere land. Flere av hans forelesninger ved universiteter og høyskoler er sendt på radio og TV. Noen vil sikkert huske Tim Rishton fra orgelspill i NRK.

Han har også spilt inn to solo-plater, og flere plater sammen med andre artister.

Tim Rishton er nå bosatt i Måndalen og er organist i Rauma. I løpet av året skal han holde nesten 70 konserter i fem land. Han skal også spille inn Bachs samlede orgelverker for radio i år.

På søndag blir det anledning til å høre organisten i Vikebukt kirke, der han skal spille et variert utdrag av kjente komponister. Orgelkonserten arrangeres i samarbeid med Rikskonsertene.

Romsdals Budstikke